

Informasjonsbrev frå Ytre Hafstad barnehage

16.4.2020



Hei igjen alle saman!

Vi håpar alle saman har det bra, og at de har hatt ei fin påske!

Barnehagane skal opne igjen 20.4, og vi ynskjer alle saman velkommen tilbake til barnehagen måndag! Vi gler oss til å møte alle saman igjen!

Samstundes vil vi gjere merksam på at barnehagekvardagen i den første tida etter opninga kjem til å bli noko annleis enn vanleg. I går fekk vi ein smittevernrettleiar som vi skal arbeide etter. Vi arbeider med å organisere barnehagekvardagen etter denne rettleiaren både internt i eigen barnehage, i kommuneleiinga og hos fylkesmann. Enno har vi ikkje alle planar klare, men vil kome med meir informasjon i løpet av fredag.

Det vil bli gjort tiltak knytt til hygiene, rutiner ved sjukdom og også inndeling i mindre, faste grupper barn og vaksne. For å tilpasse tiltaka til råda i rettleiaren kan det bli aktuelt med kortare opningstid, men dette er ikkje avgjort enno. Det vil også bli tiltak knytt opp mot levering og henting, som skal motverke trengsel i desse situasjonane.

Måltida i barnehagen vil bli annleis, og barna må ha med nistepakke. Dei vil få servert mjølk i barnehagen. Foreldre skal ikkje betale matpengar, men det vil truleg bli ein kostnad knytt til mjølk.

Barnehagen er viktig for barna, og det er trygt å komme tilbake!

Både regjering, folkehelseinstituttet og kommuneoverlegen i Sunnfjord understrekar at det er trygt å komme tilbake til barnehagen. Smitterisikoen i Sunnfjord er svært låg generelt, og risikoen for barn å bli sjuke av korona er også låg. Utdanningsdirektoratet har laga to filmar i samband med opning av barnehagane. Den eine er meint for barn, den andre for vaksne. Du finn filmene ved å bruke denne lenkja.

[Filmar for barn og vaksne om å komme tilbake i barnehagen](#)

Barnehagen er for små barn ein viktig arena for leik, læring og utvikling, som dei har vore lenge utan. Det er viktig for barna å no få komme tilbake og nytte dette tilbodet i trygge rammer.

Betaling for barnehageplass

Etter påske fekk vi nye reglar for foreldrebetaling:

1. Dei av dykk som nyttar plassen i perioden 14.-19.4 betalar for plassen
2. Alle betalar for plassen frå og med 20.4, uavhengig av om ein nyttar den eller ikkje

Gje rakst informasjon til barnehagen når du planlegg fridagar for barnet

Vi held på med å planlegge mindre grupper barn og vaksne som skal vere så stabile som mogeleg gjennom dagen og veka. Dette er eit nokså krevjande arbeid. Vi ber om at du gjev beskjed til barnehagen så raskt som mogeleg dersom du planlegg fri for barnet ditt ein eller fleire dagar.

Det er også fint om de melder inn dersom de har ein arbeidssituasjon som gjer at de «enkelt» kan levere litt seinare på dag/hente litt tidlegare. Dersom det let seg gjere skal vi forsøke å ta omsyn til dette i planlegginga.

Informasjon på ulike språk

Folkehelseinstituttet og Utdanningsdirektoratet har laga eit informasjonsskriv til foreldre både på norsk, og fleire andre språk.

[Informasjon til foreldre på ulike språk](#)

Har du spørsmål, ynskjer eller behov – ta kontakt!



De vil få meir informasjon om opninga av barnehagen i løpet av morgondagen, fredag 17.4.20.

I morgon legg Førde bibliotek ut ei ny digital lesestund. Sjå facebook sida til biblioteket.

Ytre Hafstad barnehage 57 02 12 00

Styrrar: jorunn.kleiven@sunnfjord.kommune.no 57 02 12 01/90 91 92 13

Ass styrrar: sylvi.hjelmeland.norevik@sunnfjord.kommune.no 57 02 12 02/95 19 16 04